

A woman with long blonde hair, wearing a black floral-patterned sleeveless top and matching pants, walks on the left side of a dirt path. Two men, both wearing glasses and dark clothing, walk behind her on the right side of the path. The background features rolling hills, a small stream, and a forested mountain under a bright sky.

# *Sol i skuggeskog*

— DEN EINE —

## *Eg vil løyne meg bort*

Tekst: Aslaug Høydal | Melodi: Einar Lian-Björgum

Eg vil løyne meg bort inni fjølli  
der heilo og vipene syng.  
Eg vil vasse i myrar og rape  
kjenne angen av raudsildrelyng.

Eg vil løyne meg bort millom fjølli  
der ingen kan høyre min gråt.  
Eg vil drøyne i reinmosetuva  
vakne upp ved ein saubjølletåt.

Eg vil løyne meg bort inni fjølli  
kjenne gufsen frå jøklar og snø.  
Eg vil klive i skortur og svaberg  
møte morgon på Solkomehø.

Eg vil løyne meg bort millom fjølli  
der reinblom og fjøllsmella gror.  
Eg vil trivle med varsame hender  
kjenne trakk etter menneskespor

## *Helsing til fjella*

Tekst: Finn Sandum | Melodi: Einar Lian-Björgum

Vil du ta med ei helsing til fjella,  
du som ennå er lett på tå?  
Vil du helse til reinlav og røsslyng  
der min fot ikkje lenger kan gå?

Vil du sende meg bud nå du er der?  
Vil du nøre din eld ved mi tjønn?  
Vil du sovne på steinen, eg sov der?  
Vil du gje dei mi siste bøn?

At dei kanskje kan hugse eg var der,  
at eg levde mitt liv der ein gong.  
Takke for alt eg fekk der,  
syng dei min siste song.

Vil du ta med deg helsing til fjella?  
Vil du helse og takke for meg?  
Vil du be dei å slette gjelda  
for den rikdom eg stal steg for steg?

Vil du ta med deg helsing til fjella?

## *Til det betre*

Tekst og melodi: Einar Lian-Björgum

Eg har gått den her vegen så mang ein gong,  
eg veit kvar han ber.  
Eg har trødd dei her stega så mang ein gong,  
eg veit godt kvar dei ber.

Å venta og tru alt skal endra seg  
gjev 'kje meining for fleire enn deg sjølv.  
Å venda deg om tek deg 'kje lenger enn  
attente dit du kom frå.

Det kan bli vondt å bera,  
vondt om du greier å sjå.  
Vondt når du tviar og gjer det du må.  
For du veit at det er til det betre.

Det er slik det verkar no.

Eg har gått den her vegen så mang ein gong,  
eg veit godt kvar han ber.



## *Den eine*

Tekst: Aslaug Høydal | Melodi: Einar Lian-Bjørgum

Den eine stend stur og spenner  
i sand og tustegras.  
Bortanfor leikar dei andre  
blinde i eige fjas.

Den einslege teiknar med foten  
eit tre med naki grein.  
Dei andre leikar eit reinsdyr  
med hönn og mange bein.

Mot kveld gjeng flokken på vegen  
etter ein sigrande dag,  
det er dei sterke i verdi,  
dei som vinn alle slag.

Den eine stend tagal og stirer  
utanfor leik og smil.  
Den eine hev nok med å spørje  
og slåst med sin eigen tvil.

## Morgenben

Tekst: Aslaug Høydal | Melodi: Einar Lian-Björgum

Å kunne eg skrive eit velmeint ord  
som gav trøyst til ei fredlaus sjæl.

Å kunne eg tenna eit einsleg ljós  
som vil lyse for mørkredd træl.

Å kunne eg pløya ei brukleg før  
som gjev vokster for veike strå.

Å kunne eg berga eit nake liv  
av desse som ingen må sjå.

Å kunne eg planta eit lite tre  
som gjev livd for eit fuglereir.

Å kunne eg skapa på jordi fred  
ja, då vil eg 'kje ynskje meir.

## Om du var her

Tekst og melodi: Einar Lian-Björgum

Om du var her hjå meg,  
skein sola langs min veg.  
Om lykka sto meg bi,  
sa du ømt: Eg er di.

Var du her hjå meg,  
trong du aldri streva eller li.  
Eg skull halde tett kring deg  
og kviskra til deg varsamt: Du er min.

Om du var her hjå meg,  
om du var her,  
om berre du var her, her hjå meg.

Vi skulle nyte i fulle drag  
og greie alt i lag.  
Slik ville kvar ein dag bli,  
om du var her og var min.

Og bandet som skulle halde oss i hop,  
ville aldri brista og gå av.  
Allveg skull vi vera tru  
og vegen skull liggje der open for oss to

## Gjev meg ei stjerne

Tekst: Finn Sandum | Melodi: Einar Lian-Björgum

Gjev meg ei stjerne som funklar,  
ho treng ikkje vera stor.  
Eg stirer mot himmelen i svarte kveldar  
og leitar etter ein bror.

Peik på ei stjerne på himmelen  
som stod der frå evig tid.  
Vis meg på himmelen eit funklande punkt  
og sei meg: Den stjerna er di!

Gjev meg eit håp i det minste,  
I kavet og striden min her!  
Hjelp meg å tru om den bivrande stjerna på himmelen;  
eg hengde ho der.

Eg ber på eit inderleg ønske.  
Hjelp meg å sjå i min strid!  
Ei sped lita stjerne, eg krev ikkje meir,  
ei som kviskrar: Eg er berre di!



## *Eg vil*

Tekst: Aslaug Hoydal | Melodi: Einar Lian-Björgum

Eg vil vera eld i ei frosi verd,  
eg vil vera ljós, der ljós ikkje er.

Eg vil vera salt i ei usunn verd,  
eg vil vera vatn, der vatn ikkje er.

Eg vil vera fræ i ei skrinne verd,  
eg vil vera liv, der liv ikkje er.

Eg vil vera grjon i ei svolti verd,  
eg vil vera mold, der mold ikkje er.

Eg vil vera eld, eg vil vera grjon,  
eg vil vera salt.  
Eg vil vera ljós, eg vil vera mold,  
eg vil vera alt –

## *Kvar er du?*

Tekst: Finn Sandum | Melodi: Einar Lian-Björgum

Du kryssa min veg ein gong,  
no veit eg 'kje kvar du er.  
Eg høyrde så fin ein song  
den stunda da du var der.

Det var ikkje lange belet.  
Du kom, du var og gjekk  
Lite, men stort fekk vi dele.  
Eg gøymer så vel det eg fekk.

No sit eg i einslege natta,  
skulle ønske eg såg deg att.  
For meg vart du meir enn du fatta,  
i draumen du er dag og natt.

Sei meg kvar du er i verda!  
Eg tenkjer så ofte på deg.  
Skulle ønske eg såg deg på ferda,  
men vår tid går sin eigen veg.

**Sol i skuggeskog er:**

Ingrid Lian-Björgum: vokal, kor  
Øyvind Sandum: trekkspill, zither og vokal  
Einar Lian-Björgum: akustisk gitar, el-gitar,  
pedal steel, bouzouki, bass og vokal

**Medvirkende musikere:**

Øystein Garli Dragset: Hammond B3,  
Fender Rhodes, mellotron og klokkespill  
Stian Lundberg: trommer og perkusjon  
Pål Brekkås: kor

Tekster er skrevet av Finn Sandum,  
Aslaug Høydal og Einar Lian-Björgum

Albumet er innspilt i Brygga Studio,  
Trondheim.

Tekniker: Pål Brekkås  
Miksing: Pål Brekkås  
Mastering: Magnus Kofoed

Grafisk design: Eva Karlsson  
Foto: Lars Evensen

Tusen takk til Ingebjørg og Bjørn, Liv og Torgeir, Eli og Steinar for all hjelp og støtte. Takk til Guri og Harriet for tålmodighet og inspirasjon. En spesiell takk til «Onkel» Finn Sandum. Takk til Skjåk Historielag for tillatelse til å bruke Aslaug Høydal sine tekster. Takk til Pål Brekkås for uvurderlig hjelp og godt samarbeid i Brygga Studio. Takk til Knut Sneve, Øystein Garli Dragset og Stian Lundberg for inspirerende samspill. Takk til Niels, Frode og Anders i Ta:lik Records. En varm takk til alle som lytter til musikken vår, både på plate og på konserter. Albumet er utgitt med støtte fra Stiftinga G-Kultur.

STIFTINGA  
G-KULTUR

soliskuggeskog@gmail.com  
www.talik.no  
www.facebook.com/soliskuggeskog



1. *Eg vil loyne meg bort*
2. *Helsing til fjella*
3. *Til det betre*
4. *Den eine*
5. *Morgonben*
6. *Om du var her*
7. *Gjev meg ei stjerne*
8. *Eg vil*
9. *Kvar er du?*